

nokoleis

Desse fem gav oss på ulikt vis konkrete prov på kunstnar Sissel Bergh sine utsegner. Eit døme som Sissel Bergh sjølv kom med, handlar om den trønderske dialekten som har fleire ord som ho vel å tolke inn i ein sørsamisk kontekst, blant anna uttrykket «Du må itj færre nälles» – eit ord som ein finn att i sørsamisk, «nälloes», som betyr «lett å narre».

Ny Tid 21.11.2014, s. 27

Kjell Bitustøyl om det sørsamiske kunstprosjektet Dalvedh

## Itj fara nälles

Samisk. All muleg honnør til Sissel Bergh og kunstprosjektet Dalvedh og framløfinga av den sørsamiske kulturen, behandla i Kjell Bitustøyls artikkel i Ny Tid 21.11.

Men at det trønderske uttrykket «itj færre nälles» skal ha noko å gjera med sørsamisk «nälloes» er nok dessverre ei villfaring. «Nälles» er beint fram trøndersk dialektform av adverbet nokoleis, akkurat som «korleis» blir til «kolles» og «såleis» blir til «sälles».

Som ein av mange redaktørar i prosjektet Norsk Ordbok 2014 har eg tilfeldigvis redigert både «nokoleis» og etterleddsartikkelen «leis», og det er ingenting som tilseier samisk opphav for noko av dette. Om det skulle vera eit samband, må lånet i tilfelle ha gått andre vegen. ■

Tor Erik Jenstad,  
Trondheim

Ny Tid 28.11.14,  
s. 24